

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

### Handsaming i møte

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen og fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om status i høve arbeid med etikk i Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Av orienteringa kom det m.a. fram at:

- Ny tilsette vert orientert om etisk regelverk, teieplikt og habilitet
- Det vert også fokusert på dette i «Leiarskulen» - for leiarar tilsett mindre enn to år
- Det vert fokusert på etikk i samband med innkjøp
- Dei etiske retningslinene er f.t. under revisjon
  - Det vil verta utarbeidd informasjonsopplegg når dei nye retningslinene er ferdig
  - Det er planlagd seminar om etikk og varsling
  - Det er også planlagd e-læring om etikk
  - Det er intensjonen å leggje etikk inn i folkevaldopplæringa for neste valperiode
- Aktuelle dokument er lagt inn i kvalitetssystemet
- Det vert fokusert på etikk i samband med eigarskapsforvaltning
- Hordaland fylkeskommune har meld seg inn i Transparency International Norge (TIN)
  - Det er gjennomførte eige seminar i regi av TIN for toppleiinga
  - Det er planlagd tilsvarande for neste leiarnivå
  - Det er vidare planlagd e-læring for alle medarbeidarar
- Leiargruppa deltok i Deloitte sitt kurs i «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» i regi av kontrollutvalet
- Det vert arbeidd med haldningar og bevisstheit rundt system med varsling og etikk
- Fylkesrådmannen meinte det var eit stykke å gå før den heilskaplege tenkinga er på plass
- Arbeidet vil halde fram også i 2015

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Informasjonen vart teke til orientering.